

Årsmelding og
rekneskap



VØR

Sortert avfall gir verdi!

2016

STYRETS ÅRSMELDING 2016

2016 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 28 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50 % kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune og driv med innsamling, transport og behandling av avfall og slam på vegner av eigarkommunane.

Gebyrfordeling:

Kommune	Hushaldningar og fritidshus	Slam
Ørsta	4896	1055
Volda	4197	551
Sum	9093	1606

Styringsorgan

Representantskapet avvikla 2 møter i 2016 og handsama 9 saker. Styret avvikla 6 møter og handsama 34 saker.

Representantskapet sine medleamar er: Jan Henning Egset - leiar, Aslaug Marit Øyehaug - nestleiar, Jostein O. Mo, Toril Hasfjord Bjørneset, Pauline Vartdal Vinjevoll, Hild Våge, Bjørn Helset og Arne Torvik.

Styret sine medlemmer: Jon Helge Bjørndal – leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Helge Standal, Anne Ellingsen og Ove Myklebust (tilsette- representant)

INNSAMLING OG GJENVINNING.

Representantskapet vedtok i 2014 ein fireårig plan der det nasjonale målet om minst 50 % gjenvinning innan 2020 og betre kvalitet i rapporteringa, er auka til minst 60 % gjenvinning hos VØR.

Den første store endringa som følgje av planen kom frå 2. januar i 2016 med omlegging til annakvar veke innsamling av restavfall frå heimane, i kombinasjon med frivillig eigen 140 l behaldar for glas og metall, og større papirbehaldar utan tillegg i pris.

Omlegginga gav auka mengder av plastemballasje og innsamla mengder glas- og metallemballasje. Totalt auka ombruk og materialgjenvinning med 5 % i høve året før.

Gjenvinningsgraden er 98 %. 2 % ombruk. 42 % materialattvinning. 54 % energiattvinning og 2 % til deponi.

Nedanfor er ein tabell som syner utviklinga i avfallsmengder siste fem åra.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2012	2013	2014	2015	2016
Papir / papp	1.053	1.091	1.073	982	928
Tekstilar innsamla av Fretex og UFF				126	131
Plast	30	33	74	105	176
Glas og metall	141	169	196	204	239
Farleg avfall	108	250	225	247	236
E.E. avfall	204	235	220	223	210

Hageavfall	2.000	1.750	1.049	1002	893
Grovt restavfall	579	619	654	707	665
Trevirke	224	252	297	348	363
Metall frå miljøstasjon					226
Slam	774	116	545	135	463
Stein,betong, flis, gips, isolasjon					73
Hushaldningsavfall	3.597	3.524	3.484	3.366	2.940
SUM	8.710	8.039	7.817	7.445	7.543

Om mengdene i 2016

Resultatet stadfestar at VØR så langt følgjer representantskapen sin plan. Nedgangen i restavfall frå hushaldningane i 2016 er markert og syner at der no er meir sortering i heimane. Gjenvinningstala i 2016 er dei beste i VØR sin 28 årige historie.

Avfallsmengdene frå hushaldningane går elles reelt sett ned 3 % i 2016. At sluttsummen i tonn på tabellen ovanfor syner auke, skuldast meir nøyaktig registrering av avfallsfraksjonar mellom VØR og RSS gjennom året. Det gjeld hageavfall, papp frå miljøstasjonen, metall, betong, gips, dekk og isolasjon.

Kvalitet på det som går til gjenvinning

Det er eit nasjonalt og lokalt mål å auke materialgjenvinninga slik at det kan lagast nye råvarer. Reine fraksjonar er ein føresetnad for gjenvinning, og det har abonnentar og VØR eit felles ansvar for å få til.

Her er resultatet variabelt. Vi opplever til tider for mykje ureiningar i både papiret og plasten som vert samla inn og vi får inn altfor mykje store gjenstandar som ikkje er metallemballasje saman med glaset. Dette gir oss økonomisk trekk i oppgjeret for dei innleverte mengdene, og gjer at vi no vil fokusere meir på innlevert kvalitet, enn det vi har gjort.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum frå hushaldningane går litt ned også i 2016. Vi har sett ei fallande kurve heilt frå 2008. Salet av papiraviser minkar og det syner att også hos oss.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avisepapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort. Fram til og med oktober nytta vår kontraktspart Rekom AS, Tenden Container og Gjenvinning AS sitt sorteringsanlegg i Stryn som underleverandør for sorteringstenester. Frå 1 november går papiret til Bingsa Næring for å verte pressa i større ballar på 500 kg, før det vert skipa med båt til Nederland for gjenvinning til nytt papir og ny papp.

Glas og metallemballasje

Det meste av glaset går som råvare til Norsk Glasgjenvinning til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull (glava) pluss nye glas-produkt. Metallet går til nytt metall. Innsamla mengder glas har auka siste fem åra, med ein vekst frå 2015 på levert mengde på heile 30 %.

Heile 70 % av abonnentane har no på frivillig basis skaffa seg eigen behaldar eller samarbeidar med naboane om slik.

Vi ventar framleist vekst då nasjonale plukkanalysar syner at der er meir glas- og metallemballasje ute hos abonnentane, enn det vi får inn. Potensialet er i overkant av 300 tonn med vårt folketal.

Plast

Plast går til Tyskland for gjenvinning via Grønt Punkt Norge AS som er vår avtalepart. Moderne sorteringsteknologi gir ein gjenvinningsgrad på rein og tørr emballasjeplast på opp mot 80 %.

Omlegginga til fjortendagars innsamling av restavfall gav fart i sorteringa og auka frå 5,2 kg plast pr innbyggjar i 2015 til 8,9 kg i 2016. Det er framleis eit godt stykke att før vi når opp i dei mengdene som t.d. Nordfjord har på 11 kg pr innbyggjar, men tala er langt betre hos oss enn hos mange andre avfallsselskap, så vi er absolutt på rett veg.

Miljøstasjonen

Mengdene levert på miljøstasjonen går ned for første gang på mange år. Vi lever i meir økonomisk utrygge tider med meir arbeidsløyse, og trur det er det som syner att i avfallstatistikken.

Farleg avfall.

I 2015 fekk RSS eigen konsesjon for sitt avfallsmottak og vidareleveringar. Frå 2016 syner derfor rapporteringa i denne årsmeldinga berre VØR sine mengder. Tar vi med mengdene frå RSS og VØR til saman, er her ein vekst frå 2015 på 40 %.

Det har to forklaringar. Den eine er at Miljødirektoratet har utvida talet fraksjonar som vert rekna som farleg avfall. Den andre er at VØR innførte uavgrensa levering for private for alle fraksjonar som er klassifisert som farleg avfall frå og med 2013. Dermed vart t.d. eternit med asbest i og impregnert tremateriale dekt av renovasjonsgebyret. Slike endringar tar gjerne litt tid for innbyggjarane å tilpasse seg, slik at mengdene gjerne kjem etter nokre år. 2016 er eit slikt år.

Asbesthaldig materiale og impregnert trevirke står for 141 tonn farleg avfall i 2016. I tillegg er maling, spillolje og batteri store fraksjonar.

Vi har som før 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typar elektroavfall.

Slam.

I 2016 var det ordinær innsamlingsrunde av slam, noko som gjekk greitt for seg. Miljøservice gjorde ein god jobb, og samla inn 463 tonn.

Alt slam er i tråd med kontrakta til innsamlar vidarelevert til Vestnes Renovasjon AS eller til Miljøservice AS sitt anlegg i Sløvåg, der det vert produsert jord av slammet.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte litt mindre med E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2016 i høve 2015. Innsamla mengder har VØR vidarelevert til returselskapet ERP Norge AS. Her blir EE avfallet miljøsanert og sendt vidare til gjenvinning.

Hageavfall.

Reint hageavfall vert umiddelbart etter kværning levert som strukturmateriale til Bingsa Næring sitt komposteringsanlegg for kloakkslam. Etter bruk i komposteringa, vert råproduktet vidarelevert veganlegg eller til Grøn Vekst AS for moldproduksjon. Nedgangen i mengd frå 2015 kjem fordi greinavfallet som entreprenørar leverar, er registrert på RSS.

Restavfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall syner ein nedgang i 2016 på 11,5 %. Restavfallet vert levert til energigjenvinning via HRR Miljø AS på Hamar. Dei har i 2016 brukt Tafjord Kraftvarme AS som sitt mottaksanlegg. Frå november 2016 er Rekom AS kontraktspart, med Statkraft Varme AS på Heimdal som mottakar.

Drift

Drifta i innsamling og miljøstasjon er første tre månedane av året prega av omlegging i innsamling for abonnentane med 14 dagers innsamling av restavfallet i tillegg til frivillig innføring av eigen behaldar for glas og metallemballasje.

Vi reknar no med at meir enn 2/3 av abonnentane har eigen behaldar eller samarbeidar med naboen om tilgang på slik.

Vi fekk vidare bytta om lag 1000 papir og restavfallsbeholdarar. Noko fordi enkelte trong større behaldarar og noko då behaldarane for restavfall som var utleverte i år 2000 måtte skiftast av elde og slitasje.

Bygderyddinga og utlevering av returplastsekkar vart arrangert etter tradisjonelt mønster.

Fritidsbustader

Arbeidet med å gjennomføre nye forskrifter for fritidshus tok også mykje tid. Der kom vi i mål like før nyttår, med brev til alle som var omfatta. Desse har fått eit leveringstilbod og er registrerte med verknad frå 01.01. 2017.

Informasjonsarbeid 2016.

Volda og Ørsta Reinhaldsverk (VØR) har i 2016 hatt ei 100 prosent stilling innan kommunikasjon.

Sentralt i dette arbeidet har vore å fortelje innbyggjarane i Volda og Ørsta kva omleggingar som skjer i regi av VØR, og kva omleggingar som vil kome i framtida.

I heile 2016 har prøveordninga med innsamling av glas- og metallemballasje vore ei viktig sak å kommunisere ut. Andre viktige saker har vore rydding langs strender og vassdrag, ryddeaksjonen på bygdene og å fortelje innbyggjarane om etableringa på Melsgjerdet, der VØR skal byggje omlastingsstasjon for mat- og restavfall, og kanskje også eit biogassanlegg.

I tillegg til det som skjer på lokalplanet, har VØR prøvd å informere om politiske avgjerder og føringar både på nasjonalt plan og i EU.

For å nå ut, har VØR brukt eiga heimeside, Facebook, lokalaviser, Sunnmørsposten og NRK.

Dei tre kommunikasjonsleiarane i VØR, SSR og ÅRIM møttest med jamne mellomrom – omtrent ein gong i månaden.

Den relativt smertefrie overgangen til 14 dagers innsamling ved årsskiftet 2015/16 meiner vi skuldast god informasjon i forkant.

Vi har tru på at god kommunikasjon er ein føresetnad for å auke materialgjenvinninga.

Strandrydding

Den offisielle strandryddedagen var 13 mai, men VØR tok imot avfall frå frivillige både før og etter den dagen. Totalt tok vi imot 40 tonn avfall frå strender, bekkar og elvar. Informasjonsansvarleg har hatt koordineringsansvaret hos oss, og fekk tidleg til eit samarbeid med kommunane, skular og frivilligsentralane i Volda og Ørsta i tillegg av det lokale Naturvernforbundet. Største mengdene kom og i år frå området rundt Raudøya.

Nedgravde anlegg

Styret har vedteke å satse på nedgravde løysingar for å redusere transportbelastning, auke trafikktrygging og opplevd kvalitet på avfallslevering og henting. Dei første åtte anlegga står ved årsskiftet 2016/17 klar til å verte plassert ut. I Ørsta på Engeset og i Mosmarka. I Volda på Rotset, ved Fjordsyn, Røyslidvegen, Smiebakken, Nybråtet, Monsvegen og på Folkestad. Vi opplever elles stor interesse for å få ut enda fleire anlegg.

ÅRIM, SSR og VØR

Eit utvida samarbeid mellom dei tre interkommunale selskapa på Sunnmøre utviklar seg. Vi har hatt fleire møter på leiarnivå og eit felles seminar på administrativt nivå i Ulsteinvik. I spørsmålet om utgreiing av biogass anlegg, samarbeidar vi særskilt tett med Årim. Administrativt er der og eit godt og systematisk samarbeid innan kommunikasjon og der er etablert eit brukarforum for KomTek brukarane. Alle dei tre selskapa driv no eit parallelt løp med sikte på å få på plass innsamling av matavfall for alle på Sunnmøre.

Biogass

Vi gjennomførte ein konkurranse for å avklare grunnlaget for eit biogassanlegg på Melsgjerdet. Rapporten frå Rambøll som vann konkurransen, vart levert i september. Konkurransgrunnlaget vart utarbeida i godt samarbeid og fagleg hjelp frå ÅRIM, Tussa og SSR. Å etablere eit biogassanlegg kan sikre oss rimelege leveringsvilkår og lokal handsaming av matavfallet i åra framover. Men det er teknologisk utfordrande. Det vil krevje at minst dei tre renovasjonsselskapa på Sunnmøre går saman om å etablere eit anlegg. Det vil krevje eit samarbeid med landbruket som må ta imot bioresten. Og det vil krevje eit samarbeid med ein stor mottakar av gassen. Dette er vi godt i gang med. Arbeidet med å avklare grunnlaget for eit eventuelt framtidig anlegg vert vidareført i 2017.

Eigarskap i andre selskap.

VØR har eigarskap i andre selskap der ein oppnår auka kompetanse, god ressursutnytting og styrkt driftsresultat. Oppgaver i tråd med § 4 i selskapsavtalen.

Rekom AS: Vi har 30 aksjar. (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan sal av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. I 2016 vert trevirke, restavfall og papp/ papir mekla via Rekom.

Retura Norge AS: Vi har 77 aksjar (0,64% eigarskap) Firmaet driv med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall, innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for

Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap.

Retura Søre Sunnmøre AS (RSS): Vi har 50 aksjar og 100% eigarskap. Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall for næringslivet i Volda og Ørsta. Selskapet har ei omsetning i 2016 på om lag 20 mill kr og 7 tilsette. Selskapet er ein lokal totalleverandør av avfallstenester for næringslivet. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda.

Drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS då vi saman oppnår god utnytting av felles bygningsmasse, utstyr og personalressursar.

Fefast AS. Vi eig 15 aksjar (16,13 % eigarskap). Dette er eit selskap som arbeidar for bru mellom Søre og Nordre Sunnmøre på Vartdalstranda.

Personale, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 16 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2016 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder for å kartlegge arbeidsmiljøet og avdekke eventuelle avvik. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra. Vi organiserer aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. Vi leiger inn Sikkerheitsrådgivar med Hans Ivar Langvatn.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nyttilsettingar. Av våre tilsette ved årsskiftet, er 4 kvinner.

VØR hadde 2,4 % eigenmeldt fråvær inklusiv fråvær på grunn av barns sjukdom (< 3 dagar) og 4,9 % legemeldt sjukefråvær. Totalt eit sjukefråvær på 7,3 %. Vi har ikkje sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2016.

Vi har ikkje registrert tilfeller av ureining til det ytre miljø i 2016 utover det som er vanleg i vår bransje.

Representasjon / synfaringar.

Jon Helge Bjørndal, Petter Sandvik og Petter Bjørndal deltok på synfaring hos Greve Biogass i februar.

Jon Helge Bjørndal representerte VØR på generalforsamlinga til Fefast i juni.

Jon Helge Bjørndal, Ann Britt Våge Fannemel, Anne Ellingsen, Helge Standal og Petter Bjørndal deltok på styrekurs i Molde i regi av Avfallsforum M&R i september.

Petter Bjørndal og Petter Sandvik representerte VØR på årsmøtet til Møre og Romsdal Avfallsforum i mars og 20 års jubileet for forumet i november.

Petter Bjørndal representerte VØR på den nasjonale Avfallskonferansen i Tromsø og den nasjonale farleg avfallskonferansen i Trondheim.

Gunn Velle og Hege Welle Aam deltok på " Fagdagar for forvaltningssystemet KomTek "i november.

Petter Sandvik deltok på studietur til Vilnius i regi av Avfall Norge og UFF .Studietur til Jamtkraft i Østersund i regi av Rekom AS og møte med M&R fylke om marin forsøpling i september.

Vi var på synfaring på utvalde miljøstasjonar for å sjå på nye styringssystem og registrering av Farleg avfall på Miljøstasjonar. Ove Myklebust og Petter Bjørdal hos Årim, Bingsa Næring og Nomil på Sandane. Petter Bjørdal hos Rfd i Lier.

Petter Sandvik og Petter Bjørdal var på møte om Biogass i regi av Møre og Romsdal Fylke i mai.

Petter Sandvik og Petter Bjørdal representerte VØR ved opninga av ny miljøstasjon for SSR på Mjølstadneset i desember

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97.

VØR etterlever vilkåra.

Slamhandsaming i Alida.

VØR mellomlagra avvatna slam i Alida til og med 2012. Det er utført noko avslutningsarbeid i 2016.

ØKONOMI.

Sjølvkostrekneskap renovasjon

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ein periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr. Dette for å auke tilbakeføringa av tidligare års overskot til abonnentane.

Årsresultatet

Årsresultatet for drifta syner eit underskot på hushaldningsrenovasjon på kr 1.354.562,- som vert dekt av bunde fond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit overskot på slam på kr 852.434,-. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene vert ført i partalsår, (det året tøminga vert utført) medan ein del av kostnadene er like frå år til år.


Årsresultatet syner eit overskot på 755.589,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.

Resultatrekneskapen viser totalt sett eit samla overskot på kr 253.461,- etter skatt.

Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjelpt oss også i 2016. Styret meiner at føresetnaden for fortsett drift er tilstade.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2016, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 28.03.2017



Jon Helge Bjørndal
Styreleiar




Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar




Helge Standal



Anne Ellingsen



Ove Myklebust
tilsette sin representant



Petter Bjørndal
Dagleg leiar

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**RESULTATREKNESKAP 2016**

	Note	2016	2015
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salsinntekt		28 134 979	24 046 436
Annan driftsinntekt		<u>75 529</u>	<u>91 508</u>
Sum driftsinntekter		<u>28 210 508</u>	<u>24 137 944</u>
Driftskostnader			
Frakt, toll og spedisjon		390	
Beholdningsendring sekkar		20 790	2 080
Lønnskostnad	2	9 581 213	8 762 636
Avskrivning	3	3 039 223	3 171 504
Annan driftskostnad		<u>15 033 880</u>	<u>12 447 414</u>
Sum driftskostnader		<u>27 675 496</u>	<u>24 383 634</u>
Driftsresultat		<u>535 012</u>	<u>-245 690</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekt		296 008	542 179
Annan finanskostnad		<u>348 383</u>	<u>289 701</u>
Sum netto finansposter		<u>(52 375)</u>	<u>252 478</u>
Resultat før skattekostnad		482 637	6 788
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>229 176</u>	<u>262 953</u>
Ordinært resultat		<u>253 461</u>	<u>-256 165</u>
Arsresultat		<u>253 461</u>	<u>-256 165</u>
Arsoppgjersdisposisjonar			
Frå fond til etterdriftstiltak deponi		0	6 666
Til fond slam		-852 434	347 678
Frå fond hushaldning		1 354 562	958 306
Overført annan EK		<u>-755 589</u>	<u>-1 056 485</u>
Sum disponert		<u>-253 461</u>	<u>256 165</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**BALANSE PR. 31.12.16**

	Note	2016	2015
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Immaterielle egedelar		191 511	226 800
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	19 396 754	14 042 880
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	<u>5 309 754</u>	<u>5 986 175</u>
Sum varige driftsmidler		<u>24 898 019</u>	<u>20 255 855</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>1 461 495</u>	<u>1 243 637</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 461 495</u>	<u>1 243 637</u>
Sum anleggsmidler		<u>26 359 514</u>	<u>21 499 492</u>
Omlaupsmidler			
Varer			
Varelager		<u>81 146</u>	<u>81 471</u>
Sum varer		<u>81 146</u>	<u>81 471</u>
Fordringar			
Kundefordringar		2 716 809	1 033 391
Andre fordringar		<u>698 690</u>	<u>563 729</u>
Sum fordringar		<u>3 415 499</u>	<u>1 597 120</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>14 618 967</u>	<u>16 381 958</u>
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		<u>14 618 967</u>	<u>16 381 958</u>
Sum omlaupsmidler		<u>18 115 612</u>	<u>18 060 549</u>
SUM EIGEDLAR		<u>44 475 126</u>	<u>39 560 041</u>

2016

2 015

EIGENKAPITAL OG GJELD**EIGENKAPITAL****Opptent egenkapital**

Fond for etterdriftstiltak deponi	724 048	724 048
Fond for slamhandsaming	1 096 856	244 422
Fond for hushaldning	4 435 418	5 789 980
Annan egenkapital	12 357 482	11 601 893
Sum opptent egenkapital	<u>18 613 804</u>	<u>18 360 343</u>

Sum egenkapital

<u>18 613 804</u>	<u>18 360 343</u>
-------------------	-------------------

GJELD**Avsetning for forpliktelsar**

Utsett skatt	(4 246)	7 138
Sum avsetning for forpliktelsar	<u>(4 246)</u>	<u>7 138</u>

Annan langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	5	15 122 018	17 778 524
Sum annan langsiktig gjeld		<u>15 122 018</u>	<u>17 778 524</u>

Sum langsiktig gjeld

<u>15 122 018</u>	<u>17 778 524</u>
-------------------	-------------------

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	8 398 879	1 099 189
Betalbar skatt	240 560	305 090
Skyldige offentlege avgifter	409 193	377 224
Annan kortsiktig gjeld	1 694 918	1 632 533
Sum kortsiktig gjeld	<u>10 743 550</u>	<u>3 414 036</u>

Sum gjeld

<u>25 861 322</u>	<u>21 199 698</u>
-------------------	-------------------

SUM EIGENKAPITAL OG GJELD

<u>44 475 126</u>	<u>39 560 041</u>
-------------------	-------------------

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2016

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	2016	2015
Løner	7 006 528	6 420 780
Folketrygdavgift	1 167 809	1 053 841
Pensjonskostnader	970 096	730 469
Andre lønskostnader	436 780	557 546
Sum lønskostnader	<u>9 581 213</u>	<u>8 762 636</u>

Det har vore 15 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2016

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	778 451	260 859
Pensjonspremie		
Anna godtgjersle	8 714	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Betalt pensjonspremie i året: kr. 943.957

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2016 utgjer kr. 15.561

Note 3 **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.16	60 065 014
Tilgang	7 932 570
Avgang	251 183
Kostpris 31.12.16	67 746 401
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.16	42 627 096
Balanseførte verdiar 31.12.16	24 898 019
Ordinære avskrivningar i året	3 039 223

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 414.442

Note 5 Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 15.122.018 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2016 er det betalt kr. 39.732 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 408.869

Note 7 Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda**Årets skattekostnad****Resultatført skatt på ordinært resultat:**

Betalbar skatt	240 560
Endring i utsatt skatt	-11 384
Skattekostnad ordinært resultat	229 176

Betalbar skatt i årets skattekostnad:

Ordinært resultat før skatt	1 081 346
Permanente forskjellar	-165 889
Grunnlag for årets skattekostnad	915 457
Endring i midlertidige forskjellar	46 782
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	962 239
Skattepliktig overskot	962 239

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	240 560
Sum betalbar skatt ordinært resultat	240 560

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt på årets resultat	240 560
Sum betalbar skatt i balansen	240 560

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

Hovdebygda 28.03.17



John Helge Bjørndal
Styreleiar



Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar i styret




Anne Ellingsen
Styremedlem



Helge Standal
Styremedlem



Ove Myklebust
Tilsettere representant



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING 2016

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS som viser eit overskot på kr. 253.461,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2016 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelsar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Leiinga er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsberetninga. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje øvrig informasjon, og vi attesterar ikkje den øvrige informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggssbestmmelsar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggst til grunn for årsreknekspaen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta fil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendigheitene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheiten av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avleggelsen av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, vert det krevd at vi i revisjonsberetningen vier oppmerksomheita på tilleggssopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggssopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Etterfølgande hendelsar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje forsetter drifta.
- Evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapaen, inkludert tilleggssopplysningane, og korvidt årsrekneskaen gir uttrykk for dei underliggende transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Vi kommuniserar med leiinga blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 23/3-2017

Halldis Moltu
Halldis Moltu

-reg. revisor-

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 18.04.17 på Miljøstasjonen. Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl. 18.00.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Aslaug Marit Øyehaug, Jostein O. Mo, Pauline Vartdal Vinjevoll, Toril Hasfjord og Frida Gilberg, Bjørn Helset melde forfall, og for Helset møtte vara Frida Gilberg. Styreleiar Jon Helge Bjørndal møtte på vegne av styret. Petter Bjørndal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka. . Hild Våge møtte ikkje.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Jostein O. Mo og Toril Hasfjord vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Repsak 01-17: Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak 02-17: Resultat mot budsjett 2016.

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen tar orienteringa om resultat 2016 mot budsjett 2016 til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

Rep.sak 03-17: Godkjenning av årsmelding 2016.

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen godkjenner årsmelding for 2016 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret. Til saka låg det ved særutskrift frå styresak 12-17. Årsmelding og rekneskap 2016 med revisormelding. Protokollar frå styret frå juni 2016 til april 2017.

Repsak 04-17: Godkjenning av rekneskapen for 2016.

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen godkjenner rekneskapen for 2016 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Repsak 05-17: Val av klageutval

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet vedtek at representantskapen skal vere felles klageutval for VØR saker.

Handsaminga:

Administrasjonen sin tilråding til vedtak:

1. Representantskapet vedtek at det felles klageutvalet for VØR saker skal ha fire personar. To ifrå kvar kommune.
2. Disse vert med i klageutvalet i kommunestyreperioden 2015-2019.

Frå Ørsta:

Frå Volda:

Leiar:

Leiar Jan Henning Egset foreslo slikt alternativ til administrasjonen sin tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtek at representantskapen skal vere felles klageutval for VØR saker.

Dette3 vart vedteke, då 7 stemde for Egset sitt framlegg og ingen stemde for administrasjonen sitt forslag til vedtak.

Repsak 06-17: Referatsaker

Vedtak 7 røysteføre

Representantskapen tar referatsakene til orientering


Handsaminga:


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Denne referatsaka vart lagt fram på møtet:


- Årshjulet 2017.
- Utkast til reviderte forskrifter er til politisk handsaming. Rep.skapen ber om at ordet renovasjonsforskrifter vert nytta og i forslaget som har gått til kommunane.
- Revisjon av vedtektene for VØR – endra låneramme.
- Møte på Grodås vedk. kommunesamanslåing Hornindal – Volda.

Rett utskrift 18.04.17


Jan Henning Egset
Leiar


Jostein O. Mo


Toril Hasfjord


Petter Bjørdal
referent